

Årsmelding 2025

Indre Sunnfjord Turlag



Taulag over Marabreen, Lunde - Fjærland.

Foto: Lise Mari Haugen



Tillitsvalde 2025

Hovudstyre:

Leiar:

Ingebjørg Erikstad

Nestleiar:

Merete Helgheim

Styremedlemmer:

Julie Vårdal Heggøy, Per Tore Meier, Kjell Kleiven,
Svein Ove Osland, Anne Grete Nygjerde, Reidun
Kristiansen, Guri Line Brekke

Barnas Turlag:

Leiar:

Julie Vårdal Heggøy

Medlemmer:

Steffen Herstad

Seniorgruppa:

Leiar:

Svein Ove Osland

Medlemmer:

Ann Elisabeth Opland, Kirsten Sunde, Karen Hornnes

Vara:

John Lien

Bre- og Fjellsportgruppa:

Leiar:

Per Tore Meier

Medlemmer:

Kaia J. Viki, Jarle Øygard, Rune Kristiansen

Vara:

Anja Lena Selstad

Hyttestyret:

Leiar:

Kjell Kleiven

Medlemmer:

Mariann Svingen, Per-Tore Meier, Anders Terje Vie

Vara:

Jorunn Vågen

Merke- og løypenemnd:

Leiar:

Anne Grete Nygjerde

Medlemmer:

Knut Skurtveit, Åse Skare, Helga Erdal Brenne,
Atle Øen

Vara:

Magnar Egil Øren Gangsøy

DNT ung:

Leiar

Guri Line Brekke

Nestleiar


Oda Janninge Tveiten

Revisor:

Marit Nikø og Bjarte Erdal

Valnemnd:

Jan Bjarte Skrøppa (leiar),
Lise Mari Haugen (2 år) og Arnt Johny Langeland (3 år)



Hovudstyret

2025 har vore nok eit år med stor og variert aktivitet i Indre Sunnfjord turlag. Dette takka vere alle som stiller opp med frivillig innsats i styre, nemnder, på dugnader og som deltakarar på turar og andre aktivitetar turlaget er involvert i. Ein stor takk for alle dei dugnadstimane som vert lagt ned for turlaget, og ikkje minst for at flest mogleg skal få gode natur- og friluftsopplevingar, oppleve meistring og sosialt fellesskap.

2025 var Friluftslivets år. Vi deltok i nasjonale markeringar slik som Heile Norge bålur i januar, og markering av verdsdagen for psykisk helse i oktober. I friluftslivets veke i september hadde vi minst ein aktivitet kvar dag i perioden 6. til 14. september.

For IST er eit enkelt og inkluderande friluftsliv hovudfokus. Slik sett er kvart år eit friluftslivets år for oss. Å legge til rette for gode naturopplevingar i trygge rammer for alle aldersgrupper gjennom turar, aktivietar, stirydding/merking og hyttetilbod er kjerneaktiviteten vår.

Det er gjennomført 7 styremøter og handsama 65 saker. Sakene er i hovudsak knytt til oppfølging av arbeidsplan for 2025, og elles ting som dukkar opp gjennom året.

Sjølv om vinteren 2025 medførte at mange planlagte turar måtte avlysast, ser vi at både samla tal aktivitetar og deltaking også dette året har auka. Dette er vi særleg godt nøgde med. Det viser også at IST sine tilbod er viktige for medlemmer og andre i området vårt. For å sikre gode og trygge tilbod, legg vi stor vekt på kompetansebygging for tur- og aktivitetsleiarane våre, og motiverer til kursdeltaking (DNT sin kursstige, skredkurs, førestehjelpskurs, m.m.). Auka kompetanse gir også betre planlegging og gjennomføring av aktivitetar, og gjer den enkleste tur-/aktivitetsleiar, og oss som organisasjon meir robuste den dagen det eventuelt skulle skje ei alvorleg hending knytt til våre tilbod.

Bruken av hyttene våre har auka også dette året. Og vi er iferd med å få på plass eit bra system for stivertar som har ansvar for å sjekke og følgje med på tilstanden på avtalte stiar som IST har vedlikehaldsansvar for.

Vi er særleg godt nøgde med at vi no er igong med å bygge opp ny DNT-ung-aktivitet. Dette, saman med god Barnas Turlagsaktivitet er viktig både for at barn og unge skal få oppleve glede og meistring ute i naturen. Det er også viktig for rekrutteringa til organisasjonen.

Medlemstalet vårt har gått litt opp også dette året, og vi passerte i 2025 1900 medlemmer.

I 2025 flytta vi frå kontoret i Langebruvegen og inn hos PEAK Sunnfjord i Hafstadvegen. Her er vi del av eit aktivt kontormiljø, og vi har tilgang på møterom i alle storleikar. Nytt lager fekk vi i Smauet. Vi samarbeider med DNT Sogn og Fjordane om organisasjonsmedarbeidar og kontor/lager, og deler likt på utgiftene til dette. Vi tok vi i bruk nytt rekneskapssystem (tilrådd gjennom DNT). Det viste seg å ta meir tid enn føresett å få på plass eit godt system for oss som lokallag, men med erfaringane frå 2025 og ein del justeringar, meiner vi at vi skal vere godt budde på rekneskapsføringa for 2026.

To av våre sentrale medlemmer gjennom mange år, Jorunn Vågen og Bjørn Høyvik døydd med kort tids mellomrom våren 2025. Begge var aktive i ei årrekkje som tillitsvalde, turleiarar, og å få reist Longevasshytta. IST mottok minnegåve i samband med dødsfallet til Bjørn Høyvik, som også var ein av våre heidersmedlemmer. Det var familien sitt ønskje at denne gåva skulle vere med på å realisere ein gapahuk på Hafstadfjellet. Det er gjort ein del arbeid i 2025 for å undersøkje moglegheitene for å få realisert dette. Arbeidet held fram i 2026.

Som tidlegare år har vi støtta oss på DNT Sogn og Fjordane/DNT sentralt og Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane når det gjeld uttaler i plansaker. Aktuelle saker i vårt område har dette året vore gondolplanane i Kjøsnesfjorden og kraftutbygging knytt til Selsvatnet v/Storehesten i Bygstad. I begge desse sakene har vi i tråd med DNT sin overordna naturvernstrategi gått imot realisering.

Til slutt vil styret rette ei stor takk til alle våre økonomiske bidragsytarar og samarbeidspartar elles. Dykkar bidrag er viktig for at vi skal kunne halde oppe og gjennomføre aktiviteten til beste for medlemmer og innbyggjarane generelt. Takk for hyggeleg og godt samarbeid med andre turlag i fylket, og DNT Sogn og Fjordane.

Ei særleg takk for samarbeid til Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommune!

Takk til organisasjonsmedarbeidaren vår, Hege Mundal for hjelp til den daglege drifta, og for å utvise stort tolmod med oss frivillige når vi skal utføre vår del av arbeidet i laget.

Og som sagt innleiingsvis – stor takk til alle frivillige dugnadsarbeidarar som stiller opp i sol og i regn! De er kjerna i aktiviteten vår.

Hyttestyret

Styret sitt arbeid

Hyttestyret har hatt eit møte i 2025, med på møtet var alle hyttetilsyn og to frå hovudstyret med der det var fokus på hyttestyret og hyttetilsynets rutiner og arbeidsoppgåver.

Det har elles vore løpande kontakt på e-post og telefon for å koordinere tilsyn, vedlikehald og dugnadsarbeid på hyttene.

Hyttebesøk siste 10 år

I 2025 har vi hatt ein gledeleg auke i besøkande på både Nipebu og Longevasshytta, utan at vi har gjort tiltak for marknadsføring. Det har vore fleire meldingar om tomt for sjokolade i provianten, så det er kjekt at folk nyttar sjølvbeteninga. Vi ser elles at fleire nyttar DNT si digitale løysing for hyttebetaling, denne skal utbetrast til å også gjelde etterbetaling via min side neste år.

Masbu	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Overnattingar	35	131	27	23	28	2	29	23	78	74	68
Dagsbesøk	50	35	38	32	47	17	34	21	21	7	15
Longevasshytta	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Overnattingar	97	28	463 ??	243	243	147	224	168	246	261	333
Dagsbesøk	48	37	56	82	12	15	28	22	18	43	18
Nipebu	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Overnattingar	423	307	314	408	370	204	178	269	295	378	390
Dagsbesøk	54	86	92	83	46	20	34	15	27	13	21

Longevasshytta

Tilsynsansvarleg: Torunn Solheim. Tilsyn er utført i tråd med gjeldande instruks.

Det har vore gjennomført to dugnadar i tillegg til ordinært tilsyn.

Dugnad 1: Det vart nytta helikopter til innfyking av varer og utstyr. Ytterdørene på hytta og uthuset vart skifta, og det vart gjort eit fo

rsøk på å tette vasslekasje på vestveggen. Det vart også utført ein del beising. Den etterlengta stigen til overkøya på eine soverommet vart laga og montert. Heile hytta vart grundig vaska frå golv til tak, og alle sengklea vart skifta. Dyner og puter vart lufta ute. Ved, gass og proviant vart fylt opp. Batteria i alle brannvarslarane vart bytta.

Dugnad 2: På tur for å vinterklarere hytta oppdaga vi at det fortsatt var lekkasje på/i vestveggen. Litt av panelen på innsida vart tatt ned for å lokalisere lekkasjen. På utsida vart alle vinduslistene demontert. Det vart gjort forsøk på å tette rundt alle beslag og alle vinduslister før dei vart montert på plass igjen.

Under hauststormen Amy er ein del av singeltaket på uthuset/sikkringsbua blitt revet av. Dette må reparerast på neste dugnad.

Det har også vore utført branntilsyn på hytta dette året. Tilsynet avduka to avvik, feieluka bør/må utskiftast, regulator og slange til gassflaske er utgått på dato

Føreståande behov/tiltak:

Følge opp vestveggen om fortsatt lekkasje
Reparere taket på uthuset/sikkringsba
Skifte utluftingskarusell på taket, for snurredoen.
Skifte regulator og slange på gassflaske
Årleg dugnad.

Etter å ha vore tilsyn på hytta i mange år takkar Torunn Solheim for seg, nytt tilsyn må på plass.



Nipebu

Tilsynsansvarleg: Dag Tore Mjåseth og Anita Brendehaug Mjåseth

Tilsyn er utført i tråd med gjeldande instruks.

Utført arbeid:

Årleg dognad gjennomført i tillegg til ordinært tilsyn.

Hytta vart vaska frå golv til tak og alle sengklea vart skifta. Ved, gass og proviant vart fylt opp. Batteri er skifta i alle brannvarslarar. Den gamle vasslangen vart skifta ut, og det vart gjort forsøk på å få vatn i springen på kjøkkenet. Det vart også sett litt på moglegheiter for å utvide eventuelt bygge ei ny frittstående sikringsbu.

Tilsyn har ved fleire høve vore oppe og gjort ein del arbeid, montert nøkkelboks, vaska hytta og mekka med div lys og lamper.

Det har også vore branntilsyn på hytta i år, her vart det avdekka nokre avvik som må utbetrast ved neste dognad.

Føreståande behov/tiltak:

Årleg dognad

Utbedre pålegg etter branntilsyn, betre og større vindu på hemsen, finne ny lagerplass til gassflasker som er lagra under hytta.

Sette inn større vindu på det nye soverommet.

Jobbe vidare med utviding eventuell ny sikringsbu.

Jobbe vidare med vatnet i springen.

Massbu

Tilsynsansvarleg: Ingvald Os og Knut Arne Laukeland.


Tilsyn er gjort etter gjeldande instruks.

Utført arbeid: I inneverande år har det vore helikopter transport med ved til hytta, utover det har tilsynet gjort ein del mindre vedlikehold, og kjøpt inn nokre batterilamper for belysning.

Føreståande og vurderte behov/tiltak:

Kjøpe inn og montere solcelleanlegg for belysning og lading for telefon.

Ta mål av alle madrassane og få laga/kjøpe nye trekk på desse.



Sti- og merkenemnda

Sti- og merkenemnda har i 2025 hatt tre formelle møte, i tillegg til jamleg kontakt gjennom e-post og messenger. Dei siste åra har nemnda arbeidd målretta med å byggje struktur rundt arbeidet, særleg gjennom etablering av stivertordninga og styrking av kompetanse innan sti- og merkearbeid.

Stivertordninga er no i ferd med å kome på plass. I løpet av året har stivertane kartlagt status for stinettet i byfjella i Førde og rutenettet til hyttene våre. Dei fleste har god oversikt over sine område, og dette legg eit viktig grunnlag for meir systematisk drift og vedlikehald framover. Fleire turar har fått fersk merking, i tillegg til noko grøfting og kantrimming, medan andre strekningar krev større planlegging og meir omfattande tiltak. Det er bestilt inn ein del nye skilt som vil vere klare for montering i 2026.

I august heldt Atle Holsen lokalt stimerkekurs med ni deltakarar, der Venevassegga på Rørvikfjellet vart merka. Styreleiar og tre representantar frå nemnda deltok også på stiseminar på Skei 3. april. Desse tiltaka har bidrege til auka kompetanse og felles forståing for kvalitet og standard i arbeidet.



Bilete frå stimerkekurs på Venevassegga.



Foto: Atle Holsen

Nemnda har delteke i prosessen med å prioritere stiprosjekt kommunen skulle søkje midlar til gjennom ordninga «Eg gjekk ein tur på stien», der Bymarkas vener vart tildelt kr 500 000. Sparebankstiftinga Fjaler har innvilga kr 180 000 til stiprosjektet i Fossevika i Askvoll. Planane er ferdig utarbeidde, men det praktiske arbeidet er planlagt starta i 2026.

Alle turforslag på UT.no er kvalitetssikra i løpet av året. Det digitale arbeidet i Jølster, i samarbeid med Jølster Fjelltrim, har vore særleg vellukka og har bidrege til betre kvalitet og oversikt i turtilbodet.

Det er gjennomført fleire konkrete tiltak i stinettet i løpet av året. Det er køyrt singel på stien ved Haugastølen, utført grøfting etter ras på stien frå Legestøylen til Longevasshytta, og delar av strekninga Massbu–Nipebu er remerka.

Det har elles vore stor aktivitet på Nordre Heia, der det er lagt ned eit omfattande arbeid. Samstundes er området sterkt belasta, og erfaringane frå året viser behov for betre koordinering, slik at tiltak vert gjennomførte i samsvar med vedtekne planar.

Mot slutten av året gjorde ekstremvêret Amy skade på delar av stinettet, særleg på bruer på ruta til Nipebu frå Rivedal og Otterstein. Det er framleis mogleg å passere, og plan for utbetring er under arbeid. Kartlegginga av ruter har også synleggjort utfordringar knytt til dei lange DNT-rutene «frå hav til bre». Det bør vurderast om alle desse rutene skal oppretthaldast, eventuelt kortast inn eller takast bort. Ved eventuelle endringar må både fysisk merking og kartspor i kartverket fjernast.



Fellesturar med Indre Sunnfjord Turlag


2025 var Friluftslivets år. For IST er friluftsliv ein naturleg del av verksemda kvart år, og også i 2025 har laget og undergruppene lagt til rette for gode naturopplevingar i trygge rammer for alle aldersgrupper.

Friluftslivets år vart markert gjennom deltaking på nasjonale merkedagar som «Heile Noreg bål», Verdsdagen for psykisk helse, samt med ein aktivitet kvar dag under Friluftslivets veke.

Tilbodet vårt er eit resultat av stor frivillig innsats. Det vart gjennomført totalt **131 av 144 planlagde arrangement** i løpet av året.

Turdeltaking:

Type Tur	2023 (01.11.22 -31.12.23)	2024 (1.1.-31.12.2024)	2025 (1.1 - 31.12.25).
	Turar, Deltakarar	Turar, deltakarar	Turar, deltakarar
Heildags- og helgeturar (felles)	30(863)	28 (871)	23 (615)
Ettermiddagstur (U40, natur & kultur, andre)	12(169)	14 (231)	14 (287)
Tysdagstur (dagtid, senior)	27(561)	30 (763)	S:33 (860) A: 15(96)
DNT ung (inkl friluftsskule)	1(23)	1 (22)	4 (52)
Opptur	1(95)	3 (250)	2 (413)
Barnas Turlag	31(1634)	23 (1427)	31 (1813)
FTU - friluftsliv tilrettelagt	6(221)	6 (201)	9 (233)
SUM	106 (3584)	103 (3765)	131 (4369)



Heildags- og helgeturar

Vinteren vart ikkje slik vi hadde håpa på, og fleire planlagde truge-, randonee- og fjellskiturar måtte avlysast grunna lite snø og utrygg is. Den tradisjonelle Årdal–Nes-turen, som i år skulle markere 50-årsjubileum, vart avlyst, men erstatta med ein vellukka tur til Johannesberget på Gaularfjellet. Tradisjonen tru vart det også arrangert fjellskitur til Blegja.

Turen langs veglause strender på sørsida av Sognefjorden frå Ortnevik er svært populær. I 2025 vart denne gjennomført både i april og august, med totalt 113 deltakarar. Dette er ein tur som passar for dei fleste.

Fleire faste turar stod som vanleg på programmet, mellom anna 4-fjellsturen i Førde og 7-fjellsturar i Askvoll, Naustdal og Førde. Samarbeidsturar med Flora Turlag samt Balestrand og Høyanger Turlag vart også gjennomførte.

I år vart det arrangert ein ny tur til Daurmål frå Årdal i Breim til Klakegg. Turen vart fullbooka og fekk gode tilbakemeldingar. Fleire tidlegare turar kom også tilbake på programmet, mellom anna Blåfjell i Oldeskaret og Skjorta i Jølster.

Som tidlegare ser vi god deltaking på turar som går frå A til B. Slike turar er populære og bør vidareførast, samstundes som vi held fram med eit variert turprogram med både tur/retur- og rundturar. Turar med overnatting på DNT hytter vart diverre avlyst pga for få påmelde innan fristen.



Turfølge på Sylvarnes, klare for fotturen til Ortnevik



Tåka på veg til å lette under fotturen til Daurmål



Lang, lang rekke - langs veglause grender vi går. Her ser vi garden på Sylvarnes.

Bre- og fjellsport

I 2025 har fjellsportgruppa hatt fire fysiske møte, i tillegg til kommunikasjon via e-post og Teams. Gruppa har eit høgt ambisjonsnivå, men ikkje alle planlagde turar lét seg gjennomføre grunna vêrforhold. Fleire turar krev omfattande planlegging, og det var difor uheldig at mellom anna «Josten på langs» måtte avlysast.

Trass i dette vart det gjennomført fleire turar og aktivitetar. Det vart arrangert randoneeturar til Snønipa, Skålatårnet og Vardeggi, samt brevandring på Haugabreen og turen Lunde–Fjærland. I tillegg vart det gjennomført 7-fjellstur i Førde, tur til Lifjellet og surfecamp i Hoddevik.

Gruppa fekk innvilga midlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane via DNT Sogn og Fjordane til innkjøp av nytt fjellsportutstyr, ettersom mykje av dei blaute delene var utdatert. Nye selar, hjelmar, tau og via ferrata-slynger er no på lager. Dette er tatt i bruk under aktivitet og vil vere tilgjengelege for utlån til medlemmar frå 2026.

Skredkveld vart arrangert lokalt i samarbeid med Skredgruppa i Sunnfjord med 115 deltakarar.



U40



IST har holdt fram samarbeid med nettverket Sunnfjord U40 om å for å tilby eigne turar til Unge Vaksne. Eit overordna mål for IST er at målgruppa skal verte betre kjende med turlaget og delta inn i det ordinære tilbodet vårt. I 2025 arrangerte vi tre bålturar og ein overnattingstur med hengekøye for Unge Vaksne.

Seniorgruppa

Tysdagsturar Askvoll

I 2025 vart det teke eit nytt initiativ til oppstart av tysdagsturar i Askvoll. Dette er eit samarbeid mellom IST og trimgruppa i idrettslaget.

Det vart gjennomført x tal turar med totalt x tal deltakarar. Deltakinga har vore varierende, men tilbodet har vekt interesse, og det er eit klart ønskje om å vidareutvikle og styrkje dette turtilbodet komande år.

Tysdagsturar Sunnfjord

I turåret 2025 har seniorgruppa hatt eit svært vellukka turår, med stort sett godt turvêr. Det vart gjennomført totalt 33 tysdagsturar frå 4. mars til siste turen den 25. november.

Dei fleste turane gjekk som planlagt. Nokre få turar (3–4) måtte justerast til enklare alternativ grunna dårleg vêr og krevjande føreforhold. Det har ikkje vore alvorlege uhell i løpet av året. Eitt mindre uhell med skade i foten vart handtert utan behov for assistanse.

Totalt har det vore 860 deltakarar på turane, noko som gir eit snitt på 26 deltakarar per tur. Flest deltakarar hadde vi på turen til Seljevollfjellet, med 49 deltakarar.

Det vart arrangert to overnattingsturar i løpet av året. Den første gjekk til Runde med to overnattingar, der vêrforholda dessverre var noko utfordrande. Den andre overnattingsturen gjekk til Hardangervidda med tre overnattingar og svært gode vêrforhold. Begge turane hadde 17 deltakarar.

Gruppa har hatt 2–3 møte i løpet av året, i tillegg til jamleg kontakt via e-post og meldingar. Elles har mykje av planlegginga skjedd gjennom samtalar på tysdagsturane. Turprogrammet for 2026 er ferdig planlagt frå 3. mars til slutten av oktober.

Seniorgruppa takkar alle som har vore med på tur i 2025, og ønskjer både gamle og nye deltakarar velkomne på tur i 2026. Vi håpar på mange nye turvener i året som kjem.



På tur til Drøsinga



Tur på Askrova



Blåfjellet i Askvoll

Natur & Kultur

Vi gjennomførte 7 turar i samarbeid med Førde Historielag under tittelen «Natur & kultur». Ideen her er å kombinere tur i nærmiljøet med kulturhistoriske tema. På ein av turane hadde vi også med oss Jølster sogelag som medarrangør. Turane gjekk på ettermiddagstid. Dei to første turane i april/mai gjekk til krigsminna på Hafstadbakken og Kletten (Førde), og var også ein del av markeringa av 80-årsdagen for frigjeringa i 1945. Dei andre turane var på den gamle ferdslvegen til Tynningen (Jølster), Gullgruva ved Blåane, Kulturvandring Tåene-Kyrkjevegen, I Fløyte-Anna sine spor (Ulltangvika), og på gammel ferdslveg frå Stevoll til Åsvatnet (Førde).

150 deltakarar var med på desse turane. Dette er vi godt nøgde med. Ein tur vart avlyst grunna svært dårleg ver. Samarbeidet med Førde Historielag om denne typen turar held fram i 2026, og vi ser det naturleg å trekke inn andre sogelag om det høver med turmål.



Natur & Kultur ved skyttargravene på Hornnes

DNT ung

I 2025 starta DNT ung opp med eit eige aktivitetstilbod etter ein periode utan regelmessig organisert aktivitet. Det vart arrangert totalt fem aktivitetar gjennom året, med til saman 38 påmeldte deltakarar. Målet har vore å tilby varierte friluftaktivitetar for målgruppa, samstundes som det har vore arbeidd med å byggje opp eit aktivt og berekraftig DNT ungdommiljø i Sunnfjord.

DNT ung har mellom anna arrangert buldre- og klatredag på Skei, Via Ferrata Hornelen, surfecamp i Hoddevik, skredkurs og bålkveld. Skredkurset vart avlyst grunna manglande snøforhold, medan bålkvelden vart avlyst på grunn av få påmeldte. Aktivitetane som vart gjennomførte gav likevel gode friluftsopplevingar og verdifull erfaring for både deltakarar og turleiarar.

Vidare vil DNT ung arbeide for å få med fleire deltakarar på aktivitetane og auke merksemda rundt tilbodet i Sunnfjord. Det er eit mål å vidareføre og utvikle liknande aktivitetar i åra som kjem, mellom anna surfecamp og via ferrata-turar.

Surfecamp i Hoddevika 11.–13. juli

Surfecampen i Hoddevika vart ein svært vellukka tur i 2025. Med 19 deltakarar frå heile landet og tre turleiarar møttest gruppa i Hoddevik. Ved ankomst vart det raskt gjort klart for surfing, med badeklede og våtdrakter.



Fredagen bestod av eit lærerikt surfekurs der deltakarane fekk god rettleiing både på land og i vatnet. Etter lang reiseveg og fleire timar i bølgene var deltakarane slitne, men svært fornøgde. Laurdag vart det surfing utan instruktørar, der deltakarane hjelpte kvarandre, delte erfaringar og utvikla ferdigheitene sine vidare. Det var god stemning i gruppa og mykje meistringsglede både i og utanfor vatnet. Surfecampen synt seg å vere eit populært og sosialt arrangement som DNT ung ønskjer å vidareføre.

Via Ferrata Hornelen

31. mai deltok to leiarar og to deltakarar på Via Ferrata Hornelen i Bremanger. Trass i få påmeldte vart det ein sær god tur. Den vesle gruppestorleiken gav gode føresetnader for ei effektiv klatring med lite venting og tett oppfølging frå guidane.

Etter klatringa gjekk turen vidare til Grotlesanden, der deltakarane fekk nyte sola og den flotte utsikta før det vart funne ein eigna stad for leir. Det vart laga felles middag og dessert, og kvelden vart svært koseleg trass i noko mygg. Dagen etter vakna gruppa til regn, og det vart vurdert som mest tenleg å pakke saman og reise heim. Turen vart samla sett ei vellukka oppleving og ei god oppvarming for to heilt ferske turleiarar.



OPPTUR:

Alle skulane i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord fekk tilbod om å delta på den nasjonale utedagen OPPTUR for 8. klassingar. For å sikre rimeleg reiseavstand vart det arrangert fellesturar både i Sunnfjord og i Dalsfjorden. Dagen bestod av tur, quiz og enkel grilling. Ni av elleve skular i dekningsområdet deltok, og over 400 8. klassingar fekk ein skuledag prega av turglede og friluftsliv, tilrettelagt av IST.



FRILUFTSSKULE

IST arrangerte friluftsskule for niande gong. Som tidlegare år gjekk turen 5,5 km inn til DNT-hytta Nipebu, der 20 deltakarar frå 5.–8. klasse deltok. Opphaldet inneheldt sosiale aktivitetar, spel, fiske, bading, roing og padling, og deltakarane laga maten sjølve. Manglande mobildekning bidrog til auka sosialt samvær. Friluftsskulen er eit godt innarbeidd og populært tiltak som elevane ser fram til kvart år. Siste dagen vart avslutta i Skorvemarka i samarbeid med leirduegruppa.



FTU



I 2025 fekk FTU tildelt midlar frå Gjensidigestiftinga til drift og vidareutvikling av friluftaktivitetar for menneske med utviklingshemming. Talet på aktivitetar vart auka frå 6 til 9 i løpet av året.

Det vart gjennomført varierte og tilrettelagde aktivitetar som hagespel, turar og grilling, der fokus har vore på trygg deltaking, fellesskap og meistring. I tillegg vart samarbeidet med andre frivillige lag styrkt, slik at deltakarane fekk høve til å prøve nye aktivitetar som bogeskyting, golf, kajakk på Sanden og klatring i samarbeid med Våtedalen Tindeklubb.

Tilbodet er enkelt og basert på eit godt samarbeid med NFU lokalt. Aktivitetane har bidrege til auka deltaking i friluftslivet, styrkt sjølvtilitt og nye naturopplevingar, og fleire deltakarar har utfordra seg på nye aktivitetar for første gong.

Barnas Turlag Askvoll

I 2025 gjennomførte vi til saman 10 turar inkl. ein turpost-tur. Vi har hatt som hovudfokus at turane/aktivitetane skal være lette og tilgjengelege for alle. Men vi har og prøvd å legge til rette for ein tur for litt eldre born. Det har vore eit stabilt oppmøte med nokre færre og nokre fleire på nokre av turane.

Vi som styre har samarbeidd bra, der vi har fordelt dei ulike oppgåve på kvarandre. Nokre har hatt permisjon, nokre har hatt det meir travelt på jobb/familiefronten, men då har vi avlasta kvarandre på ein god måte. Vi har gjennomført 3 styremøter i 2025 der vi har planlagt turar, avklart spørsmål som har kommt regionalt og hatt god dialog heile vegen.

- Kom-deg-ut-dagen den 19.januar gjennomførte vi på Øyra i Askvoll sidan det og var «Heile Norge Båler». Her grilla vi pølser, steikte sveler, leika i fjøra og lærte om bål.
- Den 9. februar hadde vi hjartetur rundt Prestemarka og kyrkjesafari som var ein tur i samarbeid med kyrkja i Askvoll og deira Barnefestival. Her samla vi gjenstandar til eit felles hjarte som blei lagt på kyrkjetrappa før vi gjekk inn og fekk servert pølser og boller, og hadde aktivitet som sang, kyrkjesafari, kortlaging m.m.
- 20. mars hadde vi Stikk-ut tur på Olsetåsen.
- Den 01. juni var det tur til Stongåsen i Stongfjorden som var ein av TiTur-toppane.

- 19. juni hadde vi grilling i gapahuken i samband med at Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane kom på besøk. Der delte stiftinga ut medaljar og kjærleik på pinne til alle dei oppmøtte, samtidig som dei delte ut midlar til prosjektet «Eg gjekk ein tur på stien»
- Kom-deg-ut-dagen den 7. september blei på rullesteinstranda på Eimind, med grilling og krabbeleiting i fjøra.
- Den 20 september vart vi med på familiedag og værkårning i Askvoll, der stilte vi med turtipp. Ungane fekk ri på islandshest, sjå på vær, ku, hest, sau, høner og kaninar.
- 18. oktober hadde vi ein tur for dei litt større ungane, der vi gjekk på Kultingane i Askvoll, med lunsj på toppen. Nokre gjekk vidare til Fristadjellet mens andre gjekk ned igjen.
- 31. oktober blei det satt opp refleksløype frå Holmedal til Rivedal, denne blei ståande oppe heile november og desember. Det blei og organisert ein tur den 16 desember der ein kunne vere med turlaget og gå turen saman med oss.
- 2. desember var det avslutningstur med nissetur i samarbeid med Allidretten i Askvoll. Grunna vær kunne ein velje om ein ville gå turen, men ein liten gjeng tok seg ein gåtur i kulinga før dei fekk kome til duk og dekkja bord i samfunnshuset der det blei servert graut og klementiner.



Vi synast det var utruleg kjekt at det kom so mange til grillkvelden i gapahuken saman med Sparebanken trass i at det vart kort varsel.

Vi vil i 2026 ha litt meir fokus på å utvide tilbodet til dei litt større borna, gjerne med aktivitetar som overnattingstur, sykling og fiskeing. Vi vil og bruke litt meir av kommunen, ha litt meir fokus på å få med dei ute i øyane.

Vi har og som mål å gjere oss meir synleg i skulane, barnehage, bibliotek og i sentrum i form av bruk av reklameplakatar.



Årsmelding Barnas Turlag Fjaler

Vi legg bak oss eit aktivt 2025 her i Fjaler med mange arrangement og Turbotrim rundt om i kommunen. Veldig kjekt med tanke på at 2025 var Friluftslivets år 😊

Kom deg ut-dagen

Turåret tjuvstarta vi med kom deg ut-dag allereie første helga i januar då det var snø. Om lag 135 små og store møtte til aking og grilling på Steiabøen i Dale sentrum.

18. januar var det «Heile Noreg lagar bål» og kom deg ut-dag - då inviterte vi til tur til Langesjøen i ytre Fjaler. Her møtte om lag 40 store og små til tur.

Vår med sykkelaktivitet og søndagstur med påskeeggjakt

I slutten av april arrangerte vi sykkeldag på fotballbana ved den gamle ungdomsskulen i Dale i strålende vårsol. Om lag 55 born kom innom for å teste dei ulike hinderløypene på bana, og natursti som var to differensierte løyper. I havgapet arrangerte vi søndagstur på Lammetun, der 37 små og store var med Turbo på eggjakt.

Juni med stand og natursti

I juni hadde Barnas Turlag Fjaler stand med hurigorientering og natursti på torgdagen i Dale der om lag 100 born var innom for å teste orienteringa. På Grytøyra hadde vi natursti då Grytøyra Fiskeklubb arrangerte fiskekonkurranse. I tillegg hadde fiskeklubben fiskestenger og utstyr til leik i fjæra til utlån, noko som gjorde dagen super for dei små. Mellom 30 og 40 born gjekk naturstien vår, og eit heldig barn vann seg ei hengekøye med flest rette svar på naturstien.

Seinsommar med opning av Dale Rullepark

I slutten av august var det formell opning av Dale Rullepark og vi var inviterte med på feiringa. Om lag 120 små og store tok turen, der vi stilte med aktivitetsbingo og pølser til dei som gjennomførte bingoen.

Kom deg ut-dagen i september

Første helga i september arrangerte vi kom deg ut-dag ved Brendåsen i ytre Fjaler. Dei 35 frammøtte fekk ein flott tur i strålende sol der dei gjekk på skogsvegen fram til dei fann seg ein fin plass å vere. Her tok vi fram brettspela våre, bondesjakk, og fann oss passande spelbrikker.



Familietur til dagsturhytta Vidsyn

I samband med at Lars Monsen hadde føredrag i Dale i oktober vart vi inviterte med av SpareBank 1 Sogn og Fjordane til å arrangere familietur til dagsturhytta vår Vidsyn, som ligg flott til på Bygdeheia. Om lag 20 personar var med på denne turen.

Refleksturar i nydeleg vintervær

Tradisjonen tru arrangerer vi alltid refleksturar på slutten av turåra våre. 2025 var intet unntak. I ytre Fjaler vart det arrangert reflekstur i midten av november til grillhytta på Eina. Heile 50 personar møtte opp og vi fekk ein nydeleg flott reflekstur med snø, stjernehimmel og servering av graut på Eina. I Dale hadde vi reflekstur siste veka i november ilag med Alltreeninga til Dale IL. For andre året på råd gjekk refleksturen til Kirkeåsen. 130 små og store tok turen denne ettermiddagen der vi serverte graut til alle som kom. Med bål, stjerneklår himmel og nydeleg utsikt over bygda vart dette ei fantastisk flott avslutning for turåret 2025.

Totalt 770 personar har vore med på arrangementa våre i løpet av året, noko vi er strålende nøgde med. Det gjev motivasjon og inspirasjon til å halde fram med å lage til turar og arrangement for små og store i kommunen vår 😊

Aktivitetsleiarkurs

I tillegg til arrangementa har vi i 2025 hatt aktivitetsleiarkurs «heime» i Dale i september i år. Vi var sju stk frå Barnas Turlag Fjaler som tok kurset, og ei frå Barnas Turlag Hyllestad. Tusen takk til Hege Mundal i Indre Sunnfjord Turlag og Marit Gjersvoll i Ytre Sogn Turlag som stilte som kurshaldarar!

Turbotrim

I løpet av året har vi flytta den fine, raude Turbo-postkassen vår rundt om i kommunen – alt frå Einingsfjellet i vest til Botnavatnet på Steiestølen i aust. Målet var å ha den på nye stader kvar månad, vi klarte totalt ti stader og seier oss nøgde med det. Folk er flinke til å skrive seg i boka, så no skal vi trekke nokre heldige vinnarar av premiar for dei ti stadane postkassen hang i 2025.

Vi ynskjer å takke alle som har møtt opp på dei ulike arrangementa og turane våre i løpet av friluftslivets år. Det er utruleg kjekt og motiverande å lage til arrangement når så mange kjem. Takk til alle vi har hatt samarbeid med.

No gler vi oss til å ta fatt på turåret 2026!

Beste helsing: *Birte, Maren, Marie, Stine Mari, Hege, Sarah, Trygve, Kjetil André, Alexander og Julie.*



Barnas Turlag Førde

I 2025 har Barnas Turlag Førde hatt eit aktivt og inkluderande år med mange lågterskel friluftaktivitetar for born og familiar. Aktivitetane har hatt god deltaking og vore retta mot born i alderen 0–12 år.

Året vart markert som Friluftslivets år, noko som har gitt ekstra inspirasjon til å få fleire familiar ut på tur og vise verdien av friluftsliv for helse, fellesskap og gode naturopplevingar. Facebook-sida har vore ein viktig informasjonskanal, og frivillig innsats har vore avgjerande for gjennomføringa av aktivitetane. Samla sett har året vore prega av gode opplevingar, nye deltakarar og mykje friluftsglede.

Turbotrim, ei raud postkasse som flyttar til nytt turmål kvar månad, har gått gjennom heile året og skapt mykje turglede i nærnaturen rundt Førde. 12 turmål og kring 200 innskrivingar i boka. Det vart trekt ny premie kvar månad, samt delt ut deltakarpremie til dei som fullførde minst 8 av 12 turmål gjennom året.

Aktivitetar i 2025

- **18. januar:** Kom Deg Ut-dag / Heile Noreg balar som kick-off til Friluftslivets år 2025 ved dagsturhytta Gyttå, med bål og grilling.
- **14. mars:** Måneskinstur til gapahuken på Langeland.
- **6. april:** Familietur til Gyttå i samarbeid med SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Små og store gjekk tur saman frå Vieåsen, med grilling, frileik og maskotbesøk på toppen.
- **25. april:** Turborev's sykkeltrim – ei sentrumløype med start og stopp i klatreparken.
- **8. juni:** Aktivitetsdag ved Hunsrasta/Bekkjavatnet i samarbeid med løpet Den stygge Andungen.
- **2. juli:** Festivaltur med framsyninga «Nesa i Jorda».
- **30. august:** Stand på Bystien Førde Opp ved Sunnfjord rådhus, med natursti og premiering.
- **7. september:** Kom Deg Ut-dag ved Hunsrasta saman med Førde Røde Kors. Den nasjonale utedagen vart markert med aktivitetar som nydeleg betasuppe på bål, padling i kano og frileik ved Hunsrasta
- **17. oktober:** Lommelykttur til Gyttå.
- **12. desember:** Nissemarsj i Hafstadparken med graut og saft.

I 2026 ønskjer Barnas Turlag Førde å bygge vidare på det gode engasjementet frå 2025. Turbotrim vil bli vidareført. Vi ha auka fokus på naturkunnskap, miljøforståing og enkel læring på tur, og synleggjere aktivitetane våre betre gjennom bilete, rapportar og sosiale medium. Vi ynskjer vidareføre godt samarbeid med andre, og rekruttere nye frivillige for å ha eit stabilt og variert turtilbod.



TiTur Dalsfjorden

TiTur Dalsfjorden 2025 vart gjennomført i perioden 12. april til 12. oktober, i samarbeid mellom Indre Sunnfjord Turlag, Askvoll kommune, Fjaler kommune og turgruppene i Askvoll og Fjaler. Årets turmål baud på ei god blanding av korte og enkle turar, samt nokre meir krevjande ruter, og gav deltakarane høve til å oppleve eit variert turtilbod i regionen.

Årets deltakarpremie var ein dry-bag til vaksne deltakarar og Barnas Turlag-kopp til dei yngste. I tillegg vart det trekt fire gåvekort à kr 1 000 hos Sport Dale.

I 2025 vart det registrert totalt 3 689 innskrivingar i turpostbøker og 2 233 innsjekkingar i appen. Jøtelshaugen hadde flest innsjekkingar, medan Rivedalskletten hadde færrest. Totalt fullførte 167 personar TiTur Dalsfjorden 2025, noko som er ein nedgang samanlikna med 2024 (men auke i høve 2023). Av dei som fullførte var 63 prosent kvinner og 37 prosent menn. Aldersspennet blant deltakarane gjekk frå 1 til 82 år, med ein gjennomsnittsalder på 50 år. På Instagram vart det publisert 21 innlegg med emneknaggen #titurdalsfjorden2025.

Sjølvsagt om talet på fullførte deltakarar gjekk litt ned, har nivået halde seg relativt stabilt samanlikna med åra etter covid. Tidlegare har Askvoll hatt færre deltakarar enn Fjaler, men i 2025 har Askvoll hatt ein tydeleg auke, slik at tala no er jamstore mellom kommunane. Det vart registrert 30 fullførte blant born, noko som er ein oppgang frå 2024. Tiltaket i 2025, med samarbeid med Barnas Turlag om felles turar, ser ut til å ha hatt god effekt. Kjønnssfordelinga har vore stabil over tid, med nær dobbelt så mange kvinner som menn blant deltakarane.

Aktiviteten på sosiale medium var noko lågare enn tidlegare år, med færre Instagram-innlegg. Det kan vere aktuelt å vurdere om premien for Instagrambilete bør bytast ut med ein hurtigpremie tidleg i sesongen.

TiTur Dalsfjorden 2025 har vore eit populært og viktig tiltak som har bidrege til at fleire har fått oppleve dei flotte turmoglegheitene i regionen. Vi ser fram til å vidareføre TiTur Dalsfjorden også i 2026.



TiTur Sunnfjord

TiTur Sunnfjord 2025

TiTur-sesongen i Sunnfjord gjekk frå 1. april til 31. oktober. Det vart plukka ut 10 turmål, der to av desse gav deltakarane valet mellom ein kortare og ein lengre tur. Dette gjorde det mogleg med totalt 12 innsjekkingar for dei som ønskte å gå meir.

Deltaking

Deltakinga hadde noko nedgang samanlikna med fjoråret. Ein viktig faktor er nok at 2024 hadde nokre enklare og meir tilgjengelege turmål som drog opp statistikken.

- **Deltakarar:** 281 personar følgde turmålslista i UT.
- **Fullførte:** 36 deltakarar besøkte alle 13 turmåla, medan 68 deltakarar fullførte med minst ti turmål. Det er nok mange som fell av nærme målstreken med 8-9 innsjekkingar, men då har dei i alle fall fått med seg ein del nye turmål.
- **Demografi:** Deltakinga var dominert av godt vaksne, med klart fleire kvinner enn menn. Kun eit par born deltok.

Statistikk og turmål

Totalt vart det registrert 1310 innsjekkingar i UT fordelt på over 268 ulike turgåarar.

- **Mest besøkte turmål:** Brulandsstølen toppa statistikken med 164 innsjekkingar.
- **Minst besøkte turmål:** Varlivatnet hadde 74 innsjekkingar.
- **Instagram #istitur24:** 67 innlegg, fleire med biletseriar, vart delt med emneknaggen. (Vinnarbilete: Indrebøvarden, Berit Berger Nilsen)




Deltakarpremiar



Årets deltakarpremie var ein dry-bag. I tillegg vart det trekt fire gåvekort á 1000 kroner, sponsa av Erdal Sport og Intersport Førde. Vinnarane vart annonserte på medlemskvelden og Facebook i november.

DNT-medlemmer

Medlemsutvikling



Medlemskategori	2025	%	2024	%	2023	%
Familie (2 voksne og alle barn u/26)	659	34,6	667	36,6	718	38,7
Ordinært medlem (26-66år)	594	31,2	586	32,2	584	31,5
Husstandsmedlem	160	8,5	149	8,6	156	8,4
Ung (13-25år)	66	3,5	70	3,8	67	3,6 *
Barn (0-12år)	106	5,6	65	3,6	65	3,5 *
Senior/Ufør	303	15,9	267	14,7	248	13,4
Livsvarig medlem (ev æresmedlem)	16	0,1	17	0,1	16	0,1
SUM	1904		1821		1854	
*Totalt tal barn (inkl familie)	206	10,8	166	9,12	190	10,20 %
*Totalt tal ung (inkl familie)	309	16,2	316	17,35	311	16,80 %

2024	Medlem	Innbyggjarar	% av innbyggjarande
Askvoll	189	2931	6,4
Sunnfjord	1533	22625	6,8
Fjaler	136	2911	4,7
Andre kommunar	13		
Sum	1821		

2025	Medlem	Innbyggjarar	% av innbyggjarande
Askvoll	185	2930	6,3
Sunnfjord	1552	22764	6,8
Fjaler	154	2924	5,3
Andre kommunar	13		
Sum	1904		

Medlemsfordelar

Medlemmer i Indre Sunnfjord Turlag får tilgang til unike fordelar i tillegg til dei generelle medlemsfordelane i DNT.

Vi tilbyr gratis utlån av kanoar og turutstyr som Via Ferrata-slyngjer, breutstyr, truger m.m., for å gjere det enklare å oppleve friluftslivet.

Gjennom gode samarbeidsavtalar kan medlemmene våre nyte 15 % rabatt hjå Sport Dale og Erdal Sport, og få 20 % rabatt på festivalpass til Førdefestivalen.

I arbeidet vårt legg vi vekt på å ha flest mogleg gratis aktivitetar i programmet. Samstundes har vi auka skilnaden mellom prisane for medlemmar og ikkje-medlemmar på turar som er kostbare for oss å arrangere.

Frivillige i IST

I januar 2025 arrangerte vi frivilligfest på Tønna for alle som bidrog førre år. Dette var ein kjekk kveld med sosialt samkome og god prat, noko vi håpar kan verte ein ny tradisjon. Styret har arbeidd med å oppdatere retningslinjer for turleiarar i IST, samt retningslinjer for påskjøning og utgiftsdekning.

Det er summen av dei frivillige som skapar det breie og varierte tilbodet vårt, og vi takkar sjeldan nei til gode initiativ. Fleire har teke aktivitetsleiarkurs, stimerkekurs, turleiarkurs og delteke på turleiarsamlingar for å halde seg oppdaterte. Styret har også vore representert på årsmøte og fellesmøte til DNT Sogn og Fjordane.

Tal turleiarar med turleiarutdanning

Aktivitetsleiar	Nærturleiar	Grunnleggjande turleiar	Sommarturleiar	Vinterturleiar	Kurshaldar
11	12	27	10	5	2

Dugnadstimar: 5103

DUGNAD	Styre- og gruppearbeid (styre- og gruppemøter + representasjon og organisatorisk arbeid)	Feltarbeid (dugnad sti, turpostar, hytter)	Turleiar / Instruktør	Anna (lager, UT.no, kompetanseheving)
Tal aktivitetar	30		131	
Tal deltakarar	33	35	65	
Tal timar totalt	1133	1452	1880	638

*DNT har ikkje eit godt system for rapportering av dugnadstimar, tala er difor basert på styre- og gruppeleiarane si rapportering etter beste evne.

Takk for eit flott turår 2025!

Takk til deg som har vore DNT-medlem, du som har nytta hyttene våre, deltok på fellestur eller gir uttrykk for at du set pris på innsatsen våre frivillige legg ned. DU gir oss motivasjon til å halde hjula i gang og utvikle oss vidare

Ei ekstra takk til deg som har vore frivillig! Saman er de ryggraden i organisasjonen. Det hadde ikkje vorte turar, aktivitetar, nye stiar eller vedlikehaldne hytter utan dykk!

Vi har hatt Hege Mundal som tilsett i 50 % stilling, noko som tilsvara kring 900 timar. Til slutt takk til store og små samarbeidspartnerar og tilskots- og gåvegivarar!



sparebankstiftinga
sogn og fjordane



Vestland
fylkeskommune



Sunnfjord
kommune



GjensidigeStiftelsen

førdefestivalen
Folkemusikk frå heile verda



Askvoll
KOMMUNE



Norsk Tipping



Fjaler kommune

Erdal Sport
INTERSPORT
Førde

SPORT
DALE

Nettstad & Kontaktinformasjon

Vi håpar du nyttar nettsida vår for enklast mogleg å finne informasjon om kommande turar, hyttene våre, medlemsfordelar, korleis bli frivillig m.m.

Facebook: Indre Sunnfjord Turlag

Instagram: @indresunnfjordturlag

Nettstad: <https://www.dnt.no/indresunnfjord>